

DET RØYNLEGE OG GLØYMDE FENOMENET

Svar til Tore Andvigs artikkel "Farger - realisme eller anti-realisme" (2/06)

Av Jon Furholt

Ordskiftet om fargar, om fargane sin karakter og om fargane si røynd, er etter mi meining veldig viktig for filosofien. Ikkje fordi dette med fargar i seg sjølv er så avgjerande korkje sosialt eller filosofisk, men fordi aspekta som grunnlegg fargane er symptomatisk for menneskeleg erkjening, språk, sosial røynd – til og med veren i verda. Difor må ikkje ordskiftet om fargane slørast til.

Tore Andvig skriv i sin artikkel «Farger – realisme eller antirealisme» om kva som pregar dette ordskiftet og innleiar med å spørja om det «Finnes farger i objektene eller kun i vårt persepsjonssystem?» før han går vidare til å skildra den optiske fysiologien. Etter å ha sett dei skilde syna til Byrne og Hilbert på den eine sida og Hardin på den andre, ender det heile med at Andvig seier seg einig i at fargar kan identifiserast med refleksjonsverdien. Han prøver seg med å seia at problemet med ei objektiv stadfesting av kvaliteten til fargane kan løysast med å nytta ein såkalla ekspertvurdering, altså dei som har best fungerande fargesyn, men må til slutt akseptera argumentet som seier at det er så store variasjonar i persepsjon av fargar, òg hjå ein ekspert, at det ikkje vil vera mogleg å stadfesta kven som har rett.

Det ser for meg ut til at Andvig meiner at det einaste som reddar fargane er at «[d]et finnes ingen uavhengig måte å måle farger på, og fargedommer vil være ufravikelig knyttet til vårt høyst feilbarlige persepsjonssystem.» Det slår meg at noko har gått gale her. Eg skal sjå bort ifrå forslaget om ein ekspertvurdering og det teoretiske skiljet som Andvig presenterer, og eg vonar å visa at det heile er eit forslag på ei løysing av eit problem som var skakt frå byrjinga av. Fargeordskiftet er svært viktig, men vi må vera klar over kva vi snakkar om. Andvig si drøfting av fargane

si røynd har to problem som heng tett i hop:

Om eg seier «sjå for ein fin raudfarge» og peikar på ei rose, kva er det som hender? Nokon vil kanskje seia at det eg gjer er at eg refererer til refleksjonsverdien, altså til lysbølgjene. Andre, vil kanskje seia at eg eigentleg refererer til mi eiga oppleving av fargen, korleis det er å oppleva raudt. Eg er litt usikker på kva for ein av desse Andvig vil nytta, men det essensielle er at korkje av desse tillet at vi faktisk refererer til raudfargen! Er det ikkje slik at eg faktisk peikar på det raude? Må det vera tilfelle at eg «eigentleg meiner noko anna»? Eg trur ikkje det. Vi opererer med fargar i ein sosial kontekst, vi snakkar meningsfullt om dei og eins om dei. Når eg ser på det, så er det heilt klart at eg ved å seia «sjå for ein fin raudfarge» peikar på noko. Eg peikar ikkje på lysbølgjene, fordi då ville eg kanskje sagt «sjå for nokre fine lysbølgjer». Når eg seier noko om ein raudfarge skjønner andre at eg snakkar om det raudt er. Dei, som meg, trekk ut ein essens av det raude som vi alle veit kva er. Eg peikar på noko som skil seg frå lysbølgjene.

Like tydeleg, og kanskje viktigare, er det at eg ikkje peikar innover – eg peikar ikkje på meg sjølv når eg snakkar om den fine raudfargen. Eg kan ikkje snakka med nokon andre om ein farge om den berre finst for meg sjølv. Eg peikar på noko som skil seg frå opplevinga å sjå raudt. Dette er ei svært viktig erkjening, og med det i bakhand kan ein sjå kvifor konklusjonen til Andvig ikkje er tilfredstillande. Det er nemleg slik at vi peikar på raudt.

Her må eg stansa litt. Eg snakkar altså om fenomenet raudt, noko som skil seg frå meg sjølv og dei lysbølgjene som naturvitskapen ser på som konstituerande for

fargar. Vi må samstundes akseptera at det vil vera veldig rart å seia at fenomenet raudt er noko som eksisterer utan eit medvit som kan vera om fenomenet. Fargar er altså avhengig av mennesket for å vera, men det er framleis noko som ikkje er oss sjølv? Eg meiner dette på ingen måte er uakseptabelt. Tvert om så viser det til det andre problemet hjå Andvig; han koplar eksistensen til fargane i vårt persepsjonssystem, eller det at fargane er avhengige av oss, til anti-realisme. Det er ein feilslutning at den verda som vi konstituerer omkring oss står i ei motsetning til røyndomen. For er det ikkje slik at alt vi peikar på er eit fenomen slik fargen er det? Om eg seier «sjå for deg eit skåp» og du ser for deg eit skåp kva ser du då? Ser du ein gjenstand som har alle dei essensielle eigenskapane som ein definisjon av eit skåp har? Ser du for deg noko formlaust? Ser du for deg ei vag forestilling av kva eit skåp er, men utan å kunne peike på nøyaktig kva det er som gjer det til eit skåp? Når du ser på eit verkeleg skåp kva er skåpet då? Er det samlinga av eit materiale sett saman på ein slik måte at det vert eit skåp eller er skåpet noko som kjem i stand i vårt persepsjonssystem? Det ser ut til at det er dette siste spørsmålet som Andvig står att med. Er det ikkje slik at skåpet er noko utanfor oss sjølv, men avhengig av at eit medvit oppfattar det? Er det ikkje slik at alle ting er eit fenomen slik fargen og skåpet er det? Er det ikkje det det tyder å peika på noko?

I staden for å spørja om fargane er røynelege i verda eller berre ein illusjon, så bør Andvig spørja det spørsmålet som ligg bakafor - nemleg kva er fargar? Når eg no har stadfesta at fargane er avhengig av oss for å vera, men samstundes noko som skil seg frå oss, så er det viktig å forstå at fargane er noko som har røynd i seg sjølv. Fargane forsvinn ikkje når vi lukkar auga, vi refererer til fargen når vi snakkar om han – dei er faktiske. Skåpet forsvinn ikkje når vi lukkar auga, vi refererer til skåpet når vi snakkar om det – det er faktisk. Verda er ikkje i vårt «høyst feilbarlige persepsjonssystem» og den er ikkje «oss». Så når vi klarer å spørja kva fargar er, kva skåpet er, så spør vi samstundes kva verda er og, viktigast av alt, kva vi er. Når vi klarer å spørja så klarer filosofien å seia noko om røyndomen.

Dette problemet som gjer seg til kjenne her, er eit veldig viktig element i dette ordskiftet og det er mange spørsmål som må svarast på. Særskild interessant er spørsmålet om korleis vi skal handsama mindre konkrete fenomen som verda, and, handling eller samvit, men så lenge filosofien stiller dei same spørsmåla som Andvig gjer her, som i beste fall er uinteressant og i verste fall ein filosofisk skivebom, så har vi ei enorm utfordring.

Andvig, Tore. 2006. "Farger – realisme eller antirealisme" Filosofisk supplement nr 2, 2006.